



# Plan for diakoni



DEN NORSKE KYRKJA  
Kyrkerådet

Plan for diakoni i Den norske kyrkja

ISBN-13: 978-82-7545-074-4

© Kyrkjerådet, Den norske kyrkja

Tingast fra  
Kyrkjerådets materiellekspedisjon  
(Sjå materiellkatalog på [www.kyrkja.no](http://www.kyrkja.no))  
E-post: [materiell@kirken.no](mailto:materiell@kirken.no)

Kyrkjerådet  
Postboks 799 Sentrum  
0106 Oslo  
Tlf 23 08 12 00  
Faks 23 08 12 01

Opplag: 1500, 2/2008 - 400, 3/2010  
Diakoniplanen finnest òg på nettet - [www.kyrkja.no](http://www.kyrkja.no)

Design: ELLEmELLE Designbyrå AS  
Produksjon: Kommunikasjonsavdelinga i Kyrkjerådet  
Trykk: Nr1Arktrykk  
Foto: <http://www.colourbox.com>

Plan  
for  
diakoni  
i Den  
norske  
kyrkja

INNLEIING OG SAMANDRAG.....	s 7
DIAKONIEN – DET TEOLOGISKE GRUNNLAGET .....	s 9
EI DIAKONAL KYRKJE.....	s 11
Eit oppdrag med ulike arbeidsformer	
Diakonien i samfunnssamanheng	
DIAKONALE UTFORDRINGAR I PRAKSIS – LOKALE PLANAR .....	s 15
Nestekjærleik	
Inkluderande fellesskap	
Vern om skaparverket	
Kampen for rettferd	
KONSEKVEN SAR.....	s 25
VEDLEGG.....	s 26
Plan og leiing	
Diagram som gjer synleg verksemd og målgrupper	
Forslag til moment i ein lokal diakoniplan	
Ressursar og kontaktadressar på nettet	
Kyrkjemøtet sitt vedtak	
Nye planar i kyrkja	



Slik livsvilkåra og dei kulturelle uttrykka er i forandring, slik er òg kyrkja i ein kontinuerleg utviklingsprosess. Nye tider fører med seg nye utfordringar og nye sjansar. No er det fleire store reformprosessar i Den norske kyrkja. Tilhøvet mellom kyrkja og staten er i endring og ein arbeider med ein revisjon av den gudstenesteordninga vi har i dag.

Det har kome nye retningsgjevande planane for kyrkjelydanes verksemd på viktige område. Denne planen for diakoni blei vedtatt på Kyrkjemøtet 2007. Plan for kyrkjemusikk blei vedtatt året etter og i 2009 fekk kyrkja ein samla Plan for trusopplæring. Kyrkjemøtet har òg bede om at det blir laga ein Plan for samisk kyrkjeliv.

Ein rullerande Strategiplan for Den norske kyrkja vert òg vedteke av Kyrkjemøtet. Den er retningsgjevande for prioriteringar og tilnærming til arbeidet lokalt, regionalt og sentralt. (Sjå meir om nye planane i Den norske kyrkja bak i dette heftet)

Visjonen til Den norske kyrkja er å vere ei vedkjennande, misjonerande, tenande og open folkekyrkje. Plan for diakoni handlar særleg om den tenande folkekyrkja. Hovudformålet

med denne planen er at han skal vere retningsgivande for den diakonale tenkjemåten og utforminga av diakonien i Den norske kyrkja. Planen er ein rammeplan som gir kyrkjelydane hjelp til å utarbeide lokale diakoniplanar.

Diakonien kjem til uttrykk på ulike måtar: Gjennom enkeltmenneske, ved den organiserte diakonien i kyrkjelydane og gjennom institusjonar og organisasjonar nasjonalt og globalt. Dette har Kyrkjemøtet ønskt å ta på alvor gjennom denne planen. Håpet er at heile mangfaldet av diakoniarbeidarar kan ha glede av og finne inspirasjon i å lese planen.

Det har vore arbeidt med planen over ein toårsperiode. Ei arbeidsgruppe har vore sentral i dette arbeidet. Grappa, der nokre var med i to år, andre i eitt år, har hatt slik samansetjing: Kari Jordheim, Asbjørn Finnbakk, Sigrid Hurum Flaata, Olav Lægdene, Marit Halvorsen Hougsnæs, Hilde Hem, Kristin Fæhn, Olav Fanuelson og Guro Hellgren.

Oslo, februar 2010

Jens-Petter Johnsen  
Direktør i Kyrkjerådet

Visjon for den diakonale tenesta i Den norske kyrkja:

Guds kjærleik til alle menneske og alt det skapte, verkeleggjort gjennom liv og teneste.



## INNLEIING OG SAMANDRAG

Den første delen av denne planen, kapittel 1–3, legg vekt på den grunnlagstenkinga om diakonien som etter kvart har vunne fram i Den norske kyrkja. Den underslår likevel ikkje dei mange variasjonane og tradisjonane som til saman utgjer ein verdifull heilskap. Den andre delen, kapittel 4–6, peikar på oppgåver og arbeidsmetodar i praksis. Her ligg føringane for korleis ein kan lage eigne planar og leggje til rette for det lokale arbeidet.

*”Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste. Den er evangeliet i handling og blir uttrykt gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kampen for rettferd.”.*

Denne definisjonen gir uttrykk for ei ønskt retning for diakonien i åra framover. Dei konkrete, lokale planane må byggje på desse momenta og lagast med utgangspunkt i lokale behov, ressursar og moglege samarbeidspartar og sjåast i samanheng med det samla strategiarbeidet i kyrkjelyden.

Diakonien er ei teneste for medmennesket og skaparverket og ei teneste for Gud. Denne heilskapstenkinga har konsekvensar for gudstenestelivet og for opplæring i kristen tru.

Alle blir utfordra til eit kvardagsliv i teneste. Det gjeld alle aldersgrupper. Diakonien er ein grunntone i alt som skjer i kyrkjelyden, og blir konkretisert i eigne tiltak.

Diakonien har eit spesielt ansvar der få eller ingen bryr seg. Det grunnleggjande er gjensidig teneste og vørdnad for kvarandre.

Globaliseringa utfordrar diakonien spesielt. Kulturelt og etnisk mangfald gir kyrkjelyden eit rikare liv. Menneske som lid, vedkjem oss anten dei er nær eller held til i andre land. Vern om skaparverket handlar om eit globalt og eit lokalt ansvar. Alt dette kjem til uttrykk i dei lokale diakoniplanane.

Dei diakonale utfordringane er samanfatta i nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kampen for rettferd.



# kapittel 1

Samarbeid er nødvendig og gir store opningar. Vi oppmodar om å få i gang samarbeid i kyrkja, mellom andre kristne kyrkjer og i høve til organisasjonar og institusjonar, offentlege instansar og med grupper frå andre religionar.

Det er viktig å tenkje heilskapleg om diakonien ettersom ein ser det diakonale arbeidet i lokalkyrkjelyden og den spesialiserte tenesta ved diakoniinstitusjonar og -organisasjonar i samanheng.



*Alle blir utfordra til eit kvardagsliv i teneste.*





## DIAKONIEN – DET TEOLOGISKE GRUNNLAGET

*”Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste. Den er evangeliet i handling og blir uttrykt gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kampen for rettferd.”*



Den norske kyrkja forstår seg sjølv som ei tenande kyrkje. Diakonien er eit kjenneteikn ved heile det oppdraget kyrkja har. Han pregar fellesskapet og livet til den einskilde.

Det teologiske utgangspunktet for diakonien finn vi i det oppdraget som Gud har gitt kyrkja, og som kjem til uttrykk i vår samla kristne tru.

Det er ei sentral side av det kristne menneskesynet at vi er skapte i Guds bilete til å vere medmenneske. Vi er utleverte til kvarandre, og vi er avhengige av kvarandre og alt anna som lever. Ingen kan heilt og fullt leve av seg sjølv eller for seg sjølv. Vi er skapte til å tene kvarandre, til å ha omsorg for kvarandre. Samtidig er heile skaparverket avhengig av at menneska tek forvaltaransvaret sitt på alvor. Med utgangspunkt i trua på Gud har vi ansvar for verda.

Evna til å gjere det gode er lagd ned i alle menneske (Rom 2,14). Hos den som trur på Kristus, er trua verksam i kjærleik (Gal 5,6). I dåpen får vi del i Kristus og blir ein del av den verdsvide kyrkja. Alle døypte er kalla til å syne omsorg for medmenneska sine – å vere eit ”våpen for det som er rett” (Rom 6,13). Som Kristus elsker oss, skal vi elske kvarandre og syne omsorg for kvarandre som medmenneske.

Den Heilage Ande gir tru og rettleiing til eit liv i fellesskap og teneste. Anden gir styrke i motgang, uthald i tenesta og håp for morgondagen.

Diakoni er både å vere og å gjere. Diakoni er ein del av det å vere eit truande menneske. Slik Kristus gav seg sjølv for oss, skal vi gi livet vårt til andre (1. Joh 3,16). Det er å vere prega av miskunn (Luk 6,36). Diakonien er forankra i og sameina med Guds forsoningsverk i Kristus. ”For i han ville Gud la heile sin fylde bu, og ved han ville Gud forsona alt med seg, det som er i himmelen, og det som er på jorda, då han skapte fred ved hans blod på krossen” (Kol 1,19–20).

Å gjere trua verksam i handling, inneber å spørje om att og om att: ”Kven er nesten min?” (Luk 10,29–37, forteljinga om den miskunnsame samaritanen). Det er òg å stille seg til disposisjon både som fellesskap og enkeltperson, og spørje: ”Kva vil du eg skal gjere for deg?” (Luk 18,41) og å oppsøkje marginaliserte, sjuke, svoltne, tørste og isolerte (Matt 25,35 ff).

Ut frå dette grunnlaget kan ein seie det slik:

Nestekjærleik omfattar alle sider ved mennesket. Det er periodar i livet der ein har evne og høve til å gi, andre gonger treng ein å få. Gjensidig teneste og hjelp er nøkkelord.



Livsvilkåra er ulike, nokre har det vanskelegare enn andre. Grunnlaget for endring er forskjellig. Omsorg og nestekjærlig byggjer på gjensidig teneste og hjelp, likeverd og respekt for integriteten til den andre.

Inkluderande fellesskap er eit viktig uttrykk for medmenneskelege omsorg i kyrkja. Bibelen omtaler dette fellesskapet som ein kropp med mange ulike lemmer og funksjonar (1. Kor 12). I dette fellesskapet møtest menneske av begge kjønn med ulike funksjonsevner, ulik kultur og etnisk bakgrunn. I eit inkluderande fellesskap skal den enkelte både sjå og bli sett. Der blir det gitt gjensidig trøyst og hjelp, der blir det frigjort nye krefter og nytt håp.

Vern om skaparverket er ein del av Guds forvaltaroppdrag og inneber eit ansvar for å ta vare på heile integriteten i skaparverket. I dag er det synleg at skaparverket – mange dyre- og planteartar og heile økosystem – er trua på ulike måtar gjennom menneskeleg aktivitet og grådig ressursbruk. Oppfatninga av mennesket som herre og herskar over naturen må korrigerast. Kyrkja treng å styrkje forståinga av at mennesket er avhengig av alle sine relasjonar – til Gud, til medmennesket, til seg sjølv og til resten av skaparverket. Her kan vi hente inspirasjon mellom anna frå den samiske og keltiske tradisjonen. Målet er glede og takksemnd over å vere ein del av det økologiske fellesskapet i skaparverket. Dette fører til tydeleg tale i samfunnet og til konkret handling i eige liv.

Kampen for rettferd inneber å stille seg ved sida av medmennesket, ikkje som passiv tilskodar, men i aktivt engasjement. Mennesket lever i og er avhengig av strukturane i samfunnet. Verdsfemnande system er med og styrer livet vårt. Derfor er det nødvendig å klargjere årsakene til menneskeleg naud og lidning, arbeide for å endre det som gjer at ein ikkje får slutt på naudsituasjonen, og skape nytt livsgrunnlag. Å vise solidaritet er å ta opp kampen og arbeide for rettferd og fred.



*I eit inkluderande fellesskap skal den enkelte både sjå og bli sett.*



## EI DIAKONAL KYRKJE

### 3.1 EIT OPPDRAG MED ULIKE ARBEIDSFORMAR

Diakonien har vore ein del av kyrkja gjennom heile kyrkjehistoria. Organisering og former har skifta, men i alle epokar har det vore viktig å verne om omsorgstenesta. Den protestantiske fornyinga av diakonien på 1800-talet blei utgangspunktet for det diakonale arbeidet som finst i dag.

Dette diakonale arbeidet i Noreg utgjer eit stort mangfald. Det går føre seg på mange plan og i mange samanhengar. Arbeidet som skjer i Den norske kyrkja, er ein del av denne større heilskapen.

Generelt gir diakonien seg utslag i ein *allmenn diakoni*, slik han kjem til uttrykk i dei mange situasjonane i kvardags- og kyrkjelydslivet. Den enkelte og fellesskapet blir utfordra når medmenneske møter små og store kriser, og på vegen gjennom livet kjem alle i situasjonar der dei treng andre.

Diakonien gir seg òg uttrykk i *det organiserte arbeidet som diakonar og diakoniarbeidarar utfører* på vegner av kyrkjelyden overfor utsette enkeltmenneske og grupper. Det er sokneråd og fellesråd som lagar retningslinene for dette arbeidet, men diakonen leier diakonitenesta i kyrkjelyden og har medansvar for å rekruttere, utruste og rettleie frivillige medarbeidarar. Diakonen har òg ein særleg kompetanse til å ha det faglege ansvaret for eit målretta arbeid der frivillige og tilsette er saman om å gjere fellesskap, omsorg og solidaritet levande.



*Gjennom livet kjem alle i situasjonar der dei treng andre.*

Til sist gir diakonien seg òg utslag i den meir *spesialiserte diakonien*, som finn stad i dei mange diakoniinstitusjonane

og diakoniorganisasjonane som driv nasjonalt og internasjonalt arbeid innanfor ramma av vedkjenninga til Den norske kyrkja. Ein stor del av dette kan ein definere som *internasjonal diakoni*. Den spesialiserte diakonien kjem til uttrykk der ein kyrkjelyd sjølv eller i samarbeid med andre kyrkjelydar eig og driv diakonale institusjonar. Men òg dei meir sjølvstendige diakonale institusjonane eller organisasjonane definerer si tilknytting til kyrkja både gjennom formelle forskrifter og ved praktisk samarbeid og utveksling på kyrkjelydsplan. Den spesialiserte diakonien handlar på vegner av kyrkjelydane der det er behov for særleg kunnskap og erfaring. I sin tur kan institusjonane og organisasjonane ta med verdifulle impulsar og kunnskap tilbake til lokalkyrkjelyden. I eit meir komplekst samfunn har òg den spesialiserte diakonien særlege føresetnader på vegner av kyrkja for å vere talerør for dei som kjempar for rett og rettfærd.

Også den *internasjonale diakonien* tek utgangspunkt i den lokale kyrkjelyden. Dei diakonale utfordringane over landegrensene har engasjert kyrkjelydar, diakonale institusjonar og organisasjonar gjennom ulike misjons- og bistandsprosjekt. Mange kyrkjelydar har knytt vennskapsband med kyrkjelydar på tvers av landegrensene.

Diakoni er likevel ikkje berre tiltak og aktivitetar, men òg ein *dimensjon* som kjem til uttrykk gjennom gudstenestefeiringa, forkynninga, trusopplæringa og barne- og ungdomsarbeidet.

### 3.2 DIAKONIE I SAMFUNNSSAMANHENG

Diakoni skjer alltid i ein samfunnssamheng fordi kyrkja er ein del av samfunnet lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Kyrkja i vårt land er både eit trusfellesskap og ein del av den offentlege forvaltninga. Det er nødvendig å ha eit avklart forhold både til den diakonale eigenarten og til kva ein kan få til og ikkje få til i diakonien. Kva betyr diakoni i samfunnet i dag? Skal han vere eit alternativ til det som det offentlege gjer, eit supplement, eller skal diakonien ta på seg å erstatte offentlege tiltak? Korleis vert diakonien påverka i samhandlinga med det offentlege?

Det som i vår tid pregar samfunnet i Noreg, er velstand og rikdom for folk flest, men vi har òg grupper som lever i *relativ fattigdom*. Gjennom *globaliseringa* blir gapet mellom den rike og den fattige delen av verda stadig meir tydeleg. Dette representerer ei stor etisk og diakonal utfordring for kyrkjene i verda. Vi lever i ein kultur som treng forsoning i mange av dei grunnleggjande tilhøva i livet. Dette gjeld òg i vår forvaltning av skaparverket. For mange av oss er kvardagslivet prega av det *fleirkulturelle og interreligiøse* nærværet. Utviklinga i *media* opnar for nye sosialiseringformer og medfører meir komplekse kommunikasjonsmønster enn tidlegare. Internett hjelper til med å knyte band mellom menneske, men kan sam-tidig gi tilgang til miljø og kontaktar som kan ha negativ innverknad. Ein dominerande *forbrukarkultur* prøver å fortelje oss at kjøp av materielle ting kan fylle behovet vårt for meining.

Sjølvrealisering er sentralt og viktig for mange og stimulerer ei utvikling i nyåndeleg retning som òg er ei utfordring for ulike delar av kyrkja. I åra som kjem, får vi *fleire eldre i Noreg*; det blir prosentvis færre arbeidsføre til å halde velferdssamfunnet ved lag.

Det overordna perspektivet må vere at diakonien i kyrkja står saman med alle menneske av god vilje i arbeidet for å ta vare på dei grunnleggjande verdiane i samfunnet. Det inneber breitt samarbeid og ei samordning av ulike tenester. Kyrkja er på ein særleg måte kalla til å møte dei åndelege eller religiøse behova som ligg innvovne i menneskeleg naud og smerte. Med bakgrunn i den innsikta og erfaringa kyrkja har fått i møte med enkeltmenneske og grupper i ulike livssituasjonar, har kyrkja eit ansvar for å vere pådrivar overfor dei lokale styresmaktene i helse- og sosialsektoren. Kyrkjelydane har særlege føresetnader i lokalmiljøet ved dei banda som er knytte mellom kyrkje og folk. Gjennom dei kyrkjelege handlingane kjem dei kyrkjeleg tilsette i nærkontakt med fleirtalet i folket. Gjennom dåp, konfirmasjon, vigsel og gravferd kjem ein i kontakt med mange ulike livslagnader som utfordrar til diakonalt nærvær og engasjement.

Noreg er bygt på territoriet til to folk – samar og nordmenn, jamfør grunnlova § 110 A. Fornorskinga av samane har skapt djupe sår som enno ikkje er lækte. Den rolla kyrkja har hatt i denne historia, utfordrar til eit forsoningsarbeid som synleggjer og tek vare på det samiske mangfaldet. Samane og deira

## kapittel 3

rett til eige språk, historie, kulturelle uttrykk, næringsverks-  
semd og medråderett må òg ha ein sentral plass i det diako-  
nale arbeidet i kyrkja. Diakonien har ei viktig rolle i å skape  
rom for og å styrkje samisk identitet ved å ta samane på alvor  
når det gjeld deira liv og røyndomsforståing.

Det er òg andre grupper i det norske samfunnet som ber på ei  
historie prega av sår i forhold til Den norske kyrkja. Arbeidet  
med forsoning med taterane er eit eksempel. Andre naudsynte  
forsoningsprosessar kallar òg på kyrkjeleg engasjement.



*Gapet mellom den rike og den fattige del av verda blir stadig meir tydeleg.*



## DIAKONALE UTFORDRINGAR I PRAKSIS – LOKALE PLANAR

Dette kapittelet peikar på dei diakonale utfordringane i samfunnet i dag. Dei blir beskrivne ut frå strukturen i diakonidefinisjonen som dannar fire arbeidsområde som kyrkjelydane særleg skal rette merksemda mot.

Desse områda er:

*”Nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kampen for rettferd.”*

Ofte kan dei gli over i kvarandre, og det viktige er ikkje kvar i ein plan eit tiltak blir beskrive. Det viktige er å vurdere utfordringane frå alle arbeidsområda. Arbeidsområda har å gjere med både born, unge, vaksne og eldre. Det ligg ein sterk motivasjon for arbeidet i visjonen: ”Guds kjærleik til alle menneske og alt det skapte, verkeleggjort gjennom liv og teneste.”

### Ulike ansvarsnivå

- Soknerådet har ansvar for å innarbeide og utvikle diakonien i soknet, jamfør kyrkjelova § 9.
- Fellesrådet har ofte arbeidsgivaransvar og forvaltar dermed ein viktig ressurs i det diakonale arbeidet. Gjennom ansvaret for overordna mål og planar har fellesrådet òg søkjelys på diakonien i kyrkja, jamfør kyrkjelova § 14.
- Bispedømmerådet har ansvar for at diakonien blir innarbeidd i kyrkjelydane i samsvar med dei nasjonale strategiane. Bispedømmerådet fordeler statleg tilskot til diakonistillingar.

- Kyrkerådet og Kyrkjemøtet førebur og vedtek strategiar for det diakonale arbeidet på nasjonalt nivå.
- Mellomkyrkjeleg råd og Samisk kyrkeråd har ansvar for spesielle område og oppgåver. Det same har mange organisasjonar og institusjonar som arbeider i diakonien.

### Tverrgåande perspektiv

Dei tverrgåande perspektiva nedanfor er med i alt arbeid i Den norske kyrkja og må prege det lokale planarbeidet:

- Menneskeverd og menneskerettar
- Kjønn og likestilling
- Kulturelt mangfald og urfolkrettar
- Kontakt og samarbeid med andre kyrkjer
- Tilretteleggjing for og inkludering av menneske med fysiske funksjonshemmingar og menneske med utviklingshemmingar
- Rekruttering og frivillig teneste

## To strategiske spørsmål

Lokale planar må ta utgangspunkt i dei lokale tilhøva. Derfor er det viktig å stille desse spørsmåla:

### 1) Kvar er dei diakonale *utfordringane*?

Utfyllande kan ein spørje: Korleis kan vi uttrykkje nestekjærleiken konkret? Kven er utestengd frå fellesskapet med andre? Kvar er nauda? Kva for globale utfordringar kan vi gjere noko med lokalt? Kva er oppgåva til kyrkja? Kva oppgåve har andre?

### 2) Kvar er *ressursane*?

Utfyllande kan ein spørje: Kvar finst engasjementet? Kven har tid? Kva ligg det til rette for? Kven kan vi samarbeide med? Kven kan vi rekruttere som frivillige medarbeidarar?

Med å reflektere over desse spørsmåla i sokneråd, diakoniutval og stabar kan ein få hjelp til å prioritere det viktigaste og utvikle eit arbeid i takt med dei behova og ressursane kyrkjelyden har (sjå vedlegg).

## 4.1 NESTEKJÆRLEIK

Menneske er gjensidig avhengig av kvarandre. Gjennom heile livsløpet treng vi å bli møtte med nestekjærleik og miskunn. Nestekjærleik i praksis handlar både om små enkle handlingar og om store krevjande tiltak. Miskunn audmjukar ikkje mottakaren, men tek vare på menneskeverdet hans. Attkjenninga – ”det kunne ha vore meg” – er viktig.

## Målsetjing

1. Den lokale kyrkjelyden har eit omsorgsarbeid som er retta mot lokale utfordringar.
2. Kyrkje og kyrkjelyd inspirerer til eit liv i nestekjærleik.

*I arbeidet med lokale planar kan ein spørje:*


- Kven er nesten vår i lokalmiljøet?
- Oppmuntrar vi kvarandre til å vise nestekjærleik? Er lokalkyrkjelyden vår og samlingane våre prega av nestekjærleik? Korleis kan ein påverke haldningar?

## Viktige arbeidsområde:

*Kven er nesten vår?*

Alle menneske treng å bli møtt med nestekjærleik både i glede og i sorg. I krisesituasjonar og vanskelege periodar er det ekstra stort behov for nestekjærleik og miskunn. Her har vi eit ansvar både som enkeltmenneske og som kyrkjelydsfellesskap. Menneske lid mellom anna på grunn av mobbing, sjukdom, sorg, rusproblem, hiv og aids, fattigdom og kriminalitet. Ofte er det naudsynt med spesialkompetanse og spesiell organisering i tillegg til det vi kan yte på det mellommenneskelege planet.





*Kven er min neste i lokalmiljøet?*

Familien er ei sårbar eining. Born og unge blir ekstra utsette når omsorgspersonar har problem. Dei mange samlivsbrotta er òg eit teikn på at mange strevar. Det er eit spesielt ansvar både å drive støttande og førebyggjande familiearbeid og å møte dei problema mange opplever etter eit samlivsbrot.

Endringar i tilbodet frå det offentlege gir nye utfordringar i lokalmiljøet. Til dømes kan desentralisering og kortare liggjetid ved dei fleste typar institusjonar utfordre oss som medmenneske i lokalmiljøet med besøks-, handle- og følgjetenester, gjerne i samarbeid med frivilligsentralar. Når det etter kvart blir meir vanleg at menneske døyr utanfor sjukehus, vil det lokale behovet for kvalifisert sjelesorgarbeid ved slutten av livet bli større. Soknerådet bør ha planar for korleis ein vil at sjuke og døyande skal bli møtte.

Alle kyrkjelydar må ha lokale planar til bruk ved ulukker og kriser og ved overgrepssaker. Slike planar skal vere samordna med planane i bispedømmet, som òg vil vere ressursar i dette arbeidet.

Samarbeid mellom institusjon og lokalkyrkjelyd blir stadig meir aktuelt i desse ulike samanhengane, til dømes Kirkens bymisjon, Kirkens sosialtjeneste, Kirkens familievern og offentlege og frivillige instansar.

Det er ikkje alltid mogeleg å endre vanskelege livssituasjonar. Av og til er den diakonale oppgåva å vere til stades, hjelpe eit

menneske til å leve med smerte, endå til tole at den andre lid, og å gå eit vegstykke saman med den andre.

### *Nestekjærleik kan lærast!*

Sjølv om vi er skapte til nestekjærleik, lever vi han ikkje alltid ut. Vi må lærast opp til det, trene på det og bli inspirerte til det. Vi må oppmuntre og elske fram ”det diakonale blikket” som ser ein situasjon og gjer noko med han. Ved å setje namn på det som hindrar oss i å vise praktisk nestekjærleik (til dømes det å kjenne seg utrygg, frykt, egoisme, likesæle, forakt), er det lettare å gjerle noko med det.

I dei lokale planane er det sagt noko om korleis ein kan gå fram, til dømes ved å profilere forkynninga slik at nestekjærleik med jamne mellomrom er tema i preiker og i andaktar for alle aldersgrupper. Vidare kan ein arrangere kurs og aksjonar med ulike innfallsvinklar. Dei lokale planane for trusopplæring kan ha konkrete mål for dei ulike fasane både når det gjeld kunnskap og handling på dette feltet. Ein kan leggje til rette for artiklar og reportasjar om godt naboskap og liknande i kyrkjelydsblad og lokalavis.

### *Sjelesorg, forbøn og stillheitsarbeid*

Sjelesorg er sentralt i kyrkjediakonien. Mange menneske ønskjer å kunne samtale om eksistensielle spørsmål i livet. Særleg blir unge menneske i dag stilte overfor utruleg mange val. Kan diakonien gi rom for ei rådgivingsteneste, gjerne for unge, med hjelp og støtte i vanskelege vallsituasjonar? Ein kan styrkje det lokale tilbodet om sjelesorg samtidig som ein

rekrutterer til teneste i Kirkens SOS. Ein kan utvikle den åndelege rettleiinga i kyrkja og gjerle henne kjend. Både den individuelle forbøna i det fortrulege rommet og den offisielle forbøna i gudstenesta kan styrkjast og fornyast. Ein kan begynne med eigne forbønsgrupper.

Mange menneske har større og større behov for å ha det stilt, kvile og vere langsame. Slike behov kan ein møte ved retreat, stille rom, gatekapell, opne kyrkjer, spesielle gudstenester (til dømes med liturgiar frå Taizé), pilegrimsvandringar og anna.

## **4.2 INKLUDERANDE FELLESSKAP**

Tradisjonelle relasjonsmønster og fellesskapsformer er i endring i alle aldersgrupper. Mange blir ramma av einsemd og manglar ein stad å høyre til. Samtidig blir det skapt nye fellesskapsformer, blant anna gjennom Internett. Dette speglar seg òg av i dei kyrkjelege fellesskapa. Grunnleggjande i kristen tru er at mennesket er skapt til fellesskap. Å styrkje banda mellom menneske og knyte nye band der forhold er gått sund, er ei diakonal utfordring. Gode fellesskap gir alle høve både til å yte og å ta i mot. Dei har plass til mangfaldet og syter for at ingen fell utanfor.

### **Målsetjing**

1. Fellesskapa i kyrkjelyden er opne og inkluderande.
2. Kyrkjelyden deltek aktivt med å styrkje fellesskap og nettverk generelt i lokalsamfunnet.

*I arbeidet med lokale planar kan ein spørje:*

- Kven manglar fellesskap, kven fell utanfor i lokalmiljøet vårt? Er dei eksisterande fellesskapa opne og inkluderande? Blir menneske eller grupper ståande isolerte på grunn av fysiske funksjonshemmingar eller psykiske lidingar? Skaper etnisk bakgrunn, kjønn, seksuell legning, alder, utviklingshemming, språk eller sosial posisjon, økonomi og klede avstand?
- Kva med menneske som lever i institusjon, er dei isolerte frå lokalmiljøet? Menneske med tvil, i opposisjon eller med annan livsførsel enn den sosialt aksepterte, finst det fellesskap for dei?
- Kva er til hinder for fellesskap, og korleis kan vi gjere noko med desse hindringane? Handlar det om utilgjengelege lokale og geografisk avstand eller vanar, haldningar, manglande kunnskap og frykt for det ukjende?

### Viktige arbeidsområde:

#### *Fellesskapsbygging*

Fellesskap kan ein bygge på ulike måtar. Døme er arbeids- og interessefellesskap, nabofellesskap og sjølvhjelpsgrupper. Arbeid i grupper gir rom for store variasjonar, til dømes sorggrupper, forbønsgrupper, tvil- og trusgrupper eller husfellesskap der menneske møter kvarandre for å dele evangeliet, for å gi og ta i mot omsorg og rekruttere nye. Internett kan vere eit kommunikasjonstorg, til dømes ved at ein etablerer pratesider etter leirar og minnebøker ved dødsfall.

Store fellesskap kan lyfte og gi inspirasjon. Gudstenester, gjestebod, stemner og leirar kan vere døme. Ved å arrangere felles festar i samband med dåp, konfirmasjon og bryllaup kan ein minske belastningane både i familiar med dårleg råd og med splid og konflikhtar. Slike festar er alkoholfrie og førebyggjer mot vonde rusopplevingar.

Fellesskapa vi byggjer, kan styrkje familiane og vere stader der vi etablerer nye vennskap og tek med venner. Born, unge, vaksne og eldre kan trenge sine eigne fellesskap. Samtidig må ein leggje til rette for fellesskap på tvers av generasjonane.



*For unge menneske er vennskap spesielt viktig.*

For unge menneske er vennskap spesielt viktig. Utfordringa blir å finne ein god balanse mellom dei virtuelle fellesskapa og møta ansikt til ansikt. Trusoppplæringa kan leggje til rette slik at born og unge opplever vennskap og finn sin plass i kyrkjelydsfellesskapet.

Majoritetsbefolkninga og menneske med ikkje-vestleg bakgrunn har ofte lite kontakt med kvarandre. I tillegg har Noreg ei lang historie med fleire folk og kulturar i landet. Dette er ein røyndom som i lange periodar ikkje har vore anerkjent. Alle må kunne ha sin plass i fellesskapet utan å misse sin etniske eller kulturelle identitet. Den enkelte og kyrkjelyden blir rikare når dei gir rom for eit levande mangfald med respekt for kvarandre, til dømes til gudstenester, felles middagar, kulturkveldar og internasjonale festar. Religionsdialog kan vere ein veg til større forståing.

Vennsaps- og kulturkontaktar gjer det mogeleg å byggje vennskap og å få til gjensidig og likeverdig utveksling på tvers av landegrensar.

Ein må arbeide systematisk med å leggje forholda til rette slik at menneske med funksjonshemmingar kan delta på linje med andre.

### ***Gudsteneste, forkynning og kyrkjekunst***

I gudstenesta blir fellesskapet mellom Gud og menneske knytt saman. Før, under og etter ei gudsteneste er det mange høve til å delta, å sjå og bli sett, å gi plass til mangfaldet. For å

kunne vere aktive deltakarar er det fleire som treng følge. Det er ei diakonal oppgåve å leggje til rette for livgivande møte med Kristus. Gudstenesta kan gi atkjenning av eige liv, både i det som blir sagt, og ved bruk av symbol og handlingar.

Forkynninga kan styrkje og stadfeste mennesket, vere ei hjelp til forsoning, frigjering, tru og håp. Forkynninga kan gjerne vere dristig i utfordringa til teneste og medmenneskeleg omsorg.

Kyrkjemusikk og kyrkjekunst er til hjelp både i sorg og glede. Kor- og konsertarbeid er sterke bidragsytarar i fellesskapsbyggjande arbeid.

### ***Forsoningsarbeid***

Nokre gonger er fellesskapet så øydelagt at det er nødvendig med forsoning. Gud har gitt oss forsoningstenesta, forsoningsdiakonien (2. Kor 5,18). Djupast sett handlar dette om forsoninga mellom mennesket og Gud, ei forsoning Kristus har lagt til rette for.

Forsoningsarbeid, der det er mogeleg, er ei viktig utfordring for kyrkja og kyrkjelydane. I ein del samanhengar har kyrkja nettopp den tilliten som trengst i slikt arbeid. Forsoning kan gjelde enkeltmenneske, grupper i eit lokalmiljø, etniske grupper og land eller mennesket og skaparverket. Dette feltet er i utvikling og treng derfor å få tilført kunnskap og innsikt.

### *Felleskap mellom kyrkjesamfunn*

Diakonien er ei fellesoppgåve i økumenisk samanheng der praktisk handling er det viktigaste kjenneteiknet. Her ligg det derfor spesielt godt til rette for økumenisk samarbeid, og kyrkjelydane har ein særleg sjanse til å finne felleskyrkjelege løysingar på diakonale utfordringar.

## 4.3 VERN OM SKAPARVERKET

Vern om skaparverket femner alt Gud har skapt, jorda med planter, dyr og menneske, havet og lufta og heile det økologiske samspelet. ”For jorda og alt det som fyller henne, høyrer Herren til” (1. Kor 10,26). Det gjeld òg vårt eige forbruk og livsstilen vår.

### Målsetjing

1. Kyrkje og kyrkjelyd arbeider med den bibelske forståinga av Guds skaparverk og mennesket som ein del av det.
2. Kyrkjelyden og den enkelte er aktivt og konkret med på å skape ein positiv livsstil som fremjar balanse og heilskap.

*I arbeidet med lokale planar kan ein spørje:*

- Korleis leggje til rette slik at bibelstudium, guds-tenester og andaktsliv òg set vern om skaparverket i sentrum? Korleis kan dette forme livet og haldningane våre?
- Korleis kan vi i ord og handling fremje alternativ til ideala og livsstilen i forbrukarsamfunnet og hjelpe til at vi får ei berekraftig forvaltning av skaparverket?

### Viktige arbeidsområde:

#### *Kyrkja har eit tredelt oppdrag i miljøspørsmål:*

- Å vere ei profetisk røyst i samfunnet.
- Å vere konsekvent og sjølvkritisk i desse spørsmåla i sin eigen kvardag og praksis.
- Å vere kreativ og oppfinnsam i arbeidet med å finne berekraftige løysingar for dei reelle behova til den enkelte og samfunnet.

Her er det viktig med samarbeid både med kyrkjelege nettverk, til dømes Kirkelig nettverk for miljø, forbruk og rettferd, og andre aktuelle aktørar. Spesielt kan det vere viktig å samarbeide med born og unge. I speidarorganisasjonane og Changemaker er dette ein del av spesialområdet.

I dei lokale planane kan ein oppmuntre til oppgjer med ein livsstil prega av overforbruk. Diakonien kan peike på kva ein kan få til i lokalmiljøet. Frå pilegrimstradisjonen kan ein hente verdiar som oppbrot, enkel livsførsel, det å vere stille, leggje uro frå seg og vere villig til å dele. Forsaking og vilje til å gi avkall kan ein relatere direkte til nestekjærleik. Naturen er for mange ein god stad for undring, leiting og kvile. Gudstenesteliv og liturgisk språk gir rom for å lyfte fram utfordringar i kvardagen på dette området òg. Gleda over skaparverket med det økologiske mangfaldet og samanhengen kan få utfalde seg. I gudstenesta kan vi leggje vekt på innhaldet i fastetida og feire Skaparverkdagen. Utan at det skal føre til verdsflukt, kan ein òg setje håpet i sentrum, håpet om Guds skaparmakt og om at Jesus kjem att for å gjere alle ting nye.

Reint konkret kan ein vurdere om kyrkjekontoret skal søkje om sertifisering som miljøfyrtårn. Ein kan samarbeide med ulike instansar og grupper om aksjonar, og kyrkjelyden kan knyte seg til Kyrkjeleg nettverk for miljø, forbruk og rettferd.

Ved å auke miljøengasjementet rundt ulike arrangement kan det bli ein sjølvsgat ting å organisere vennskapskøyring og redusere bruken av eingongsartiklar og liknande.

### *Menneskelivet er òg Guds skaparverk*

Menneskelivet og menneskeverdet skal vernast frå livet byrjar og til det endar. Kyrkja må derfor vere ei kritisk røyst i høve til dagens abortpraksis, kjempe mot soteringsamfunnet og aktiv dødshjelp, og engasjere seg i dei store etiske problemstillingane som bioteknologien reiser. I tillegg møter diakonien dei konkrete utfordringane frå desse områda på det mellommenneskelege planet. Det finst organisasjonar som arbeider spesielt med dette. Lokalkyrkjelyden kan arbeide med desse emna gjennom etisk refleksjon, sjelesorg og praktiske omsorgsoppgåver, til dømes ordningar med barnevakt og støttekontakt.



*Miljøspørsmåla utfordrar det diakonale arbeidet i kyrkja.*

#### 4.4 KAMP FOR RETTFERD

Alle menneske har rett til å leve eit menneskeverdig liv. Vi kan ikkje stille oss likesæle til menneske som kjempar for livet. Vi må kjempe saman med dei og spele på lag med rettferda og solidariteten.

Som kyrkje er vi utfordra til å arbeide med rettferd og menneskerettar i eit globalt så vel som eit lokalt perspektiv. Dette gjeld utfordringar knytte til globaliseringa, internasjonal handel, illegitim gjeld, fattigdom, krig, fred og forsoning, den teknologiske utviklinga og anna.

##### Målsetjing:

1. Kyrkje og kyrkjelyd engasjerer seg i rettferdig fordeling av ressursane i verda.
2. Kyrkje og kyrkjelyd står opp for menneske som får krenkt menneskeverdet sitt.

*I arbeidet med lokale planar kan ein spørje:*

- Korleis kan vi hjelpe til med å setje urett på dagsordenen i samfunnet?
- Korleis kan vi kjempe mot det som truar livet, helsa og menneskeverdet vårt?

##### Viktige arbeidsområde:

*Rettferdig fordeling av ressursane i verda* Kyrkjemøtet har retta merksemd mot etisk handel, urfolkspørsmål, gjeldssanering,

klimatemål, miljø- og ressursmedvit. Dei lokale planane bør spegle av dette og korleis ein kan arbeide både lokalt og globalt.

Pengestøtte kan ein gi gjennom ulike former for givar-teneste, ofringar og så vidare. Mikrokreditt er ei berekraftig form for hjelp der menneske får billige lån til å setje i gang verksemdar som i neste omgang kan gi inntekt til å greie å forsørge seg sjølv og familien. Konfirmantane og fleire grupper og generasjonar i kyrkjelyden kan arbeide saman om fasteaksjonen som Kirkens Nødhjelp arrangerer kvart år. Det kan òg vere naturleg å delta i andre aksjonar der ein samlar inn pengar til humanitært arbeid, til dømes TV-aksjonen.

I gudstenesta og liturgien er det rom for mange variasjonar. Det er utvikla materiell som handlar om realitetane i rikdommen og fattigdommen, til dømes i opplegg for Nord/sør-søndagen, Freds- og menneskerettssøndagen og Verdsaidsdagen.

Vidare finst det undervisningsopplegg, songar, kurs og program som tek sikte på å skape engasjement for global rettferd. Mange av misjons- og bistandsorganisasjonane har laga gode opplegg for ulike aldersgrupper, og ein må sjølvsgt samarbeide med slike organisasjonar.

Ein kan satse på å bruke kaffi og te og andre varer som er merkte rettferdig handel (Fairtrade).

## ***Stå opp for menneske som får krenkt menneskeverdet sitt***

Å kjempe for rettferd handlar òg om å engasjere seg i samfunnsdebatten lokalt når vi ser at menneskeverdet blir krenkt. Korleis kan vi seie frå når vi ser at born og ungdom lid fordi dei blir oversett, at eldre er redde for å bli åleine og gløymde, eller at andre blir stigmatiserte og ekskluderte i samfunnet?

Det blir hevda at fattige i eit velferdssamfunn blir påførte skam og nederlagskjensle. Møte menneske imellom kan verke frigjerande, men dei kan òg understreke forskjellane. Derfor er det om å gjere at kyrkjelyden tenkjer over sin eigen praksis i kontakten med menneske i vanskelege livssituasjonar. Stengjer kyrkjelyden menneske ute fordi dei ikkje kan betale for seg eller yte gjengjeld i kjende former?

Lokalkyrkjelyden kan òg engasjere seg i menneskerettsspørsmål globalt. Det finst døme på kyrkjelydar som har vore med på underskriftskampanjar (som "Slett U-landsgjelda") eller aksjonar gjennom Amnesty International.

Både som personar og som fellesskap har vi ansvar for å melde frå ved mistanke om vald og overgrep: Mange born, kvinner og eldre er utsette for vald. Mykje vald skjer skjult i familien og i påverknad av rus. Mobbing skjer blant born og unge (også på mobiltelefon og Internett) og blant vaksne. Seksuelle overgrep skjer i kyrkjelege miljø så vel som elles i samfunnet.

Å kjempe mot vald inneber òg å arbeide med haldningar. Det må drivast førebyggjande arbeid, blant anna ved aktivt å fremje alkoholfrie soner. Her kan det liggje til rette for lokalt samarbeid med politi, skule, uteseksjon, barnevern og familievern, bymisjon og andre organisasjonar.



*Mobbing av born og unge skjer òg via Internett.*



## KONSEKVEN SAR

Denne planen føreset at det blir laga lokale planar, og at det på bakgrunn av desse planane skjer ei vidareutvikling av diakonien i kyrkjelydane. Diakoni handlar om å vere og å gjere,- det er det planane skal medverke til.

Ei kartlegging av diakonalt arbeid i Den norske kyrkja har vist at det å ha ein diakon, styrkjer både det diakonale arbeidet i kyrkjelyden og samarbeidsrelasjonane til det offentlege. Både tradisjonelle soknediakonstillingar og andre stillingar, som til dømes prostdiakonstillingar, er viktige. Det er eit mål at alle kyrkjelydar anten skal ha diakonistilling eller tilgang på diakonal kompetanse. For å nå eit slikt mål blir det kravd eit stort lyft i talet på stillingar.

Nokre av dei verkeområda som denne planen handlar om, kan vere nye og uprøvde i mange kyrkjelydar. Til ein del av dette arbeidet finst det gode handbøker og andre hjelpemiddel. Til andre område må det utarbeidast nytt materiell og leggjast opp til kurs og utdanning. Det bør òg leggjast til rette for forsøk og prosjekt som kan vere med på å vidareutvikle områda. Her kan ein nemne område som diakoni og ungdom, utvikling av samspelstrategiar for lokalkyrkjelyd og diakonale organisasjonar og institusjonar, gudstenestearbeid og diakoni, tiltak for å engasjere fleire menn i diakonien,- og anna.

Det diakonale arbeidet blir gjort synleg i budsjetta til kyrkjelyden. Mange av dei verkeområda og tiltaka det er framlegg om i denne planen, krev ikkje store økonomiske ressursar. Ein

viktig utgiftspost vil vere pengar til kursing og rettleiing av leiarar (både tilsette og frivillige). Større og meir omfattande diakonale tiltak vil kunne krevje økonomiske tilskot. Ved oppretting av stillingar vil det bli spørsmål om ulike ordningar for finansiering.



## PLAN OG LEIING

### 1. Lokalt planarbeid

Dei hovudområda for diakonalt arbeid som er beskrivne i denne planen, skal vere retningsgivande for det diakonale arbeidet i kyrkjelyden. Vilkåret er likevel at kvar kyrkjelyd omarbeider, konkretiserer og ikkje minst tilpassar desse oppgåvene etter lokale behov og føresetnader. Det er om å gjere å prioritere på kvart felt.

### 2. Ansvarsforhold på lokalt plan

*Soknerådet* kan styre det diakonale arbeidet direkte eller opprette eit diakoniutval med diakoni som spesielt ansvarsområde.

Til å arbeide med avgrensa saker kan ein setje ned *ad hoc-utval*.

*Dei tilsette i kyrkja* skal bruke kompetansen dei har og arbeidsforholdet sitt til å hjelpe til med å innarbeide og utvikle diakonien i heile kyrkjelydslivet.

*Diakonen* er ein nøkkelperson både når det gjeld rekruttering og å følgje opp frivillige. Han/ho har ansvar for å leie det diakonale engasjementet i kyrkjelyden og hjelpe til med å få sett planar og prioriteringar ut i livet. Diakonstillingane kan ha namn som gir ein peikepinn på arbeidsområde og/eller kompetanse, til dømes soknediakon, institusjonsdiakon, prostidiakon, barne- og ungdomsdiakon, sjukehusdiakon. *Diakoniarbeidaren*, besøksleiaren og andre stillingar har eit meir avgrensa arbeidsområde.

*Presten* skal i samsvar med tenesteordninga si (§ 2) forvalte ordet og sakramenta slik at kristen tru og kriste liv blir fremja. Arbeidet til presten har langt på veg ein diakonal dimensjon. *Kateketen* har eit diakonalt ansvar som kjem tydeleg fram både i trusopplæringa og konfirmantarbeidet og generelt barne- og ungdomsarbeid.

*Barne- og ungdomsarbeidarar* har eit stort diakonalt ansvar i møte med born, ungdom og familiane deira.

Kantoren hjelper til både når det gjeld fellesskapsbygging (kor, gudsteneste) og omsorg og lindring (gravferder, helgemessesøndag).

*Kontorpersonalet* står ofte for det første og viktige møtet når folk kontaktar kyrkja.

*Dagleg leiar/kyrkjevevje* er nøkkelperson både i organiseringa av frivillig arbeid, samarbeid med kommunen og saksførebuingar for planvedtak i sokneråd / kyrkjeleg fellesråd.

*Kyrkjetenar, gravferdpersonell og andre tenestegrupper* i kyrkja møter menneske i ulike samanhengar. Der dei er, har dei ei viktig diakonal oppgåve som representantar for kyrkja.

### 3. Samarbeid

Det er heilt nødvendig å sjå den lokale planen for diakonien i samheng med strategien for kyrkjelyden og andre lokale planar.

Aktuelle samarbeidspartar: Dei ulike gruppene i kyrkjelyden, andre kyrkjesamfunn, diakonale institusjonar, ideelle organisasjonar og det arbeidet kommunen gjer med helse- og

sosialteneste, skule osv. Ein del diakonale oppgåver lar seg best løyse innanfor ramma av eit fellelrådsområde, eit prosti eller eit bispedømme.

Det er ei sentral oppgåve for det diakonale planarbeidet i kyrkja å oppmuntre og elske fram gode og byggjande krefter i lokalmiljøet – både i egne rekkjer og i møte med samarbeidspartar. Dei diakonale verdiane i kyrkja er ikkje mindre verd sjølv om det er kommunen eller Lions Club som realiserer dei.

#### **4. Spørsmålsguide til lokal diakoniplan**

Når det skal utarbeidast ein lokal plan, kan ein ta for seg dei fire arbeidsområda i kapittel 4 og stille desse spørsmåla:

##### ***Kva er situasjonen?***

- Kva er den aktuelle situasjonen i kyrkjelyden og lokalmiljøet?
- Kva haldningar er det som pregar miljøa?
- Kva for diakonale tiltak finst i kyrkjelyden?
- Er det nye utfordringar som kallar på innsats?
- Kva slags menneskelege og økonomiske ressursar finst?

##### ***Kva ønskjer vi å oppnå med diakonale tiltak?***

Desse måla bør vere slik at vi etterpå kan svare på om vi nådde målet, om vi lukkast med det vi ville og ønskte.

##### ***Kva slags tiltak skal vi satse på?***

##### ***Kven ønskjer vi å nå med tiltaka?***

- Enkeltmenneske
- Grupper (mellom anna ulike aldersgrupper)
- Institusjonar
- Samfunnsområde

##### ***Kven kan vere samarbeidspartar?***

- Andre grupper/foreiningar i kyrkjelyden
- Andre kyrkjelydar i kommunen/fellelrådet
- Institusjonar i kommunen
- Nasjonale eller regionale diakoninstitusjonar
- Andre kyrkjesamfunn, trus- og livssynssamfunn
- Humanitære foreiningar / frivillige organisasjonar
- Kommunen: etatar for helse, omsorg, oppvekst
- Prostinivå/bispedømme
- Nasjonale organisasjonar
- Sentralkyrkjelege organ
- KA Kirkelig arbeidsgiver- og interesseorganisasjon

##### ***Kven får ansvaret for dei aktuelle tiltaka?***

- Soknerådet
- Kyrkjeleg fellelråd
- Fellelrådstilsette (diakon/diakonimedarbeidar o.a.)
- Frivillige medarbeidarar
- Prestetenesta (må vere avklara med prost/sokneprest)

### *Vurdering*

Når eit tiltak er gjennomført, eller ved avslutninga av året, bør dei ansvarlege for tiltaket gå gjennom og vurdere det i høve til det som var målsetjinga med tiltaket.

### **5. Frå visjon til handling**

Dess fleire som hjelper til med å lage den lokale diakoniplanen, dess fleire har i utgangspunktet eit eigarforhold til han. Diakoniplanen er eit verktøy for heile kyrkjelyden og må vere tilgjengeleg for alle. Alle gruppene samtalar om kva han inneber i praksis.



## DIAGRAM SOM GJER SYNLEG VERKSEMD OG MÅLGRUPPER

Nedanfor er to diagram med rubrikkar for dei fire områda som er nemnde i definisjonen av diakoni. Det første diagrammet kan gi ein oversikt over det som allereid fins av diakonalt arbeid i kyrkjelyden.

Områder	Nestekjærleik	Inkluderande fellesskap	Vern om skaparverket	Kamp for rettferd
Arbeidsfelt				
Gudst. og kyrkjelege handl.				
Trusopplæring, barne- og ungd.arb.				
Kyrkjemusikalsk arb.				
Kyrkjekontor og kyrkjegard				

Det andre kan kan syne korleis desse områda kan og bør komme til uttrykk overfor dei ulike aldersgruppene/målgruppene i kyrkjelyden.

Ein kan gjerne legge til fleire liner.

Områder	Nestekjærleik	Inkluderande fellesskap	Vern om skaparverket	Kamp for rettferd
Målgruppe				
Barn og unge				
Vaksne og familiar				
Eldre				
Alle i kyrkjelyden				

## **FORSLAG TIL MOMENT I EIN LOKAL DIAKONIPLAN**

### **NESTEKJÆRLEIK**

Tiltak:  
Målsetjing:  
Tid for gjennomføring:  
Tid for evaluering:  
Ressursar (pengar/lokale/menneske):  
Samarbeid med:  
Ansvarleg:

### **INKLUDERANDE FELLESSKAP**

Tiltak:  
Målsetjing:  
Tid for gjennomføring:  
Tid for evaluering:  
Ressursar (pengar/lokale/menneske):  
Samarbeid med:  
Ansvarleg:

### **VERN OM SKAPARVERKET**

Tiltak:  
Målsetjing:  
Tid for gjennomføring:  
Tid for evaluering:  
Ressursar (pengar/lokale/menneske):  
Samarbeid med:  
Ansvarleg:

### **KAMP FOR RETTFERD**

Tiltak:  
Målsetjing:  
Tid for gjennomføring:  
Tid for evaluering:  
Ressursar (pengar/lokale/menneske):  
Samarbeid med:  
Ansvarleg:

Diakoniplanen er føreslått av diakoniutvaldsmøte: (dato)  
Vedteken av soknerådet: (dato)  
Sendt til kyrkjeleg fellesråd: (dato)

*Skjema til utarbeiding av ein lokal diakoniplan, og ein heilskapeleg plan for kyrkjelyden, kan ein hente frå [www.kyrkja.no](http://www.kyrkja.no)*

## RESSURSAR OG KONTAKTADRESSAR PÅ NETTET

Under [www.kyrkja.no](http://www.kyrkja.no) finn ein hjelpestoff til diakoniplanen. Her er det oversikt over diakonalt institusjonar og organisasjonar og ei oppdatert liste med lenker til ressursar på nettet, mellom anna litteraturliste med opplysningar om basislitteratur, handbøker og hefte. Ein kan òg finne oversyn over publikasjonar frå materiellekspedisjonen i Kyrkjerådet. Under ”Tema” finn ein emne som er aktuelle i diakonien.



## KYRKJEMØTET SITT VEDTAK

Kyrkjemøtet 2007 vedtok Plan for diakoni (KM-sak 06/07). Her er det samrøystes vedtaket:

1. Kyrkjemøtet vedtek den framlagde Plan for diakoni i Den norske kyrkja. Planen skal gjelde frå 01.01.08.
2. Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste. Den er evangeliet i handling og blir uttrykt gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kampen for rettferd. Guds kjærleik til alle menneske og alt det skapte blir verkeleggjort gjennom liv og teneste. Som menneske er vi ein del av eit av fellesskap og avhengige av kvarandre. Utfordringa er både lokal og global.
3. Diakonien er eit hovudaspekt ved kyrkja sitt oppdrag og må gjennomsyre heile kyrkja sitt liv. Det er ei viktig hending for kyrkja at vi nå får ein ny diakoniplan til bruk i kyrkjelydane og i kyrkja som heilskap.
4. Diakoniplanen skal vere ein reiskap for kyrkjelydane, også for dei som ikkje har diakon eller spesielt tilsette for å drive diakonalt arbeid. Sokneråda må sjå på planen som verkemiddel i høve til den visjonen kyrkja har om å vere ei tenande folkekyrkje.
5. Kyrkjemøtet oppmodar kyrkjelydane og fellesråda til å arbeide saman med kommunar og bydelar for å skape rom og ressursar for lokalt diakonalt arbeid.
6. Det er eit mål at alle kyrkjelydar anten skal ha diakonstilling eller tilgang på diakonal kompetanse. For å nå eit slikt mål blir det kravd eit stort lyft i talet på stillingar.
7. Kyrkjerådet og bispedømeråda har eit særleg ansvar for å inspirere, vegleie og leggje til rette for det lokale arbeidet. Prioritering av diakoni må inn i det sentrale budsjettarbeidet.



## NYE PLANAR I KYRKJA

### Innleiing

Kyrkja forvaltar ein to tusen år gammal bodskap. Kristendommen har ei meir enn tusen år lang historie i landet vårt og er innvoven i historia både til det norske og det samiske folket, om enn på ulik måte. Kristen tru og tradisjon er gjennom ulike kulturuttrykk førte vidare frå generasjon til generasjon i ein pågåande prosess. Gjennom dette let det opphavlege og varige seg spegle av i det tids- og stadbundne. Slik er Gud til ei kvar tid å finne for det enkelte mennesket og i kyrkjelydsfellesskapet, der Ordet blir forkynt og sakramenta forvalta.

### Oversikt

Slik livsvilkåra og dei kulturelle uttrykka er i forandring, slik er òg kyrkja i ein kontinuerleg utviklingsprosess. Nye tider medfører nye utfordringar og nye sjansar. No, ved byrjinga av det 21. hundreåret, er det fleire store reformprosessar i Den norske kyrkja.

Tilhøvet mellom kyrkja og staten er i endring, og i 2011 er det truleg innført ein revisjon av gudstenesteordninga. Tidleg i 2009 lå Plan for kyrkjemusikk føre. Trusopplæringsreforma gjekk inn i ein ny fase då Kyrkjemøtet i 2009 vedtok Plan for trusopplæring. Plan for diakoni, som Kyrkjemøtet vedtok i 2007, var den første i rekkja av desse nye planane. Kyrkjemøtet har òg bede om at det blir utarbeidd ein Plan for samisk kyrkjeliv. Kyrkjemøtet vedtek visjonsdokument og rullerande satsingsområde for Den norske kyrkja. Dette er retningsgivande for prioriteringar og tilnærming til arbeidet lokalt, regionalt og sentralt.

### Formell forankring

#### *Liturgi som norsk lov*

Ved kronprinsregentens resolusjon av 26.10.1990 vart kongens rett, etter § 16 i Grunnlova, til å fastsetje liturgiar til bruk i Den norske kyrkja delegert til Kyrkjemøtet. Ved same resolusjonen fekk Kyrkjemøtet òg delegert retten til å fastsetje teksttrekkjer og preiketekstar. I 2006 vart retten til å godkjenne alle gudstenestelege bøker i Den norske kyrkja delegert til Kyrkjemøtet. Det gjeld blant anna retten til å godkjenne salmebok til bruk i Den norske kyrkja.

#### *Planar og program*

Kyrkjemøtet har mandat til å fastsetje retningsgivande planar for mellom anna kyrkjeleg undervisning, diakoni og kyrkjemusikk, jamfør kyrkjelova § 24, 3. ledd punkt b. Sokneråda i Den norske kyrkja har ansvaret for å innarbeide og utvikle kyrkjeleg undervisning, kyrkjemusikk og diakoni i soknet, jamfør kyrkjelova § 9, 2. ledd. Dei sentrale planane er å forstå som rammer for arbeidet i soknerådet. Planlegginga, tilrettelegginga og gjennomføringa må skje innanfor ramma av reglane og retningslinjene i den sentrale planen. Planane til kyrkjelyden må vere tilpassa rammefaktorane i kyrkjelyden.

### Planforståing

Dei sentrale planane som Kyrkjemøtet vedtek, fastset mål for dei ulike områda, gir oversikt over innsatsområde, beskriv fagleg innhald og gir forslag til ulike arbeidsmåtar (metodar). For at desse planane skal kunne gjerast operasjonelle, må

soknerådet tolke måla og planleggje arbeidet sitt slik at måla blir nådd. Vidare må soknerådet sjå på planane som verkemiddel i høve til den visjonen kyrkja har:

*I Kristus, nær livet*

*- ei vedkjennande, misjonerande, tenande og open folkekyrkje.*

### Nye sjansar

Det nye planverket er arbeidsreiskapar som gir kyrkjelyden nye sjansar til å utvikle og fornye arbeidet sitt. Saman med gudstenestereforma representerer planane kjerneområde som til saman er konstituerande for livet og arbeidet i kyrkjelyden. Det er eit vilkår at arbeidet med den enkelte planen og planane samla sett skjer i dette heilskaplege perspektivet.

Slik den enkelte planen må sjåast i høve til dei andre, må dei nye planane òg sjåast i høve til lokale planprosessar og den erfaringa kyrkjelyden har med gudstenestearbeid, diakoni og trusopplæring. Det er eit vilkår at planarbeidet reflekterer behov på staden, kultur og eigenart. Forholda er ulike frå stad til stad. Kyrkjelydane er involverte i dei reformprosessane som går føre seg, på ulike måtar og i ulik grad. Nokre har både diakon, kateket og kantor, medan andre jamvel har problem med å få tilsett ein prest. Ein del stader er det lett å mobilisere til frivillig innsats, andre stader er det tyngre. For at arbeidet i kyrkjelydane ikkje skal bli fragmentert, er det nødvendig å sjå dei ulike planane i samanheng. Planane må vere eit ledd i ei samla strategisk tenking rundt kyrkjelydsutvikling.

Dei nye planane gir fornya sjansar til å nå lenger ut. Dei vedkjem heile kyrkjelyden, både soknerådet, dei tilsette og frivillige arbeidslag. Føresetnaden for ei heilskapleg tilnærming til planarbeidet er at flest mogeleg blir involverte i systematisk og kreativ jobbing.

Det vil vere ei utfordring for alle kyrkjelydar å utvikle og ta vare på det eigenarta på det einskilde planområdet samtidig som ein tenkjer heilskapleg. Å sjå heilskapen, men samtidig våge å prioritere, kan vere like vanskeleg som det er nødvendig.

Planarbeidet bør følgjast opp av ein enkel rapporteringsreiskap. ”Stadig betre” er eit elektronisk verktøy for kvalitets-sikring. Dette vert òg utvikla i høve til det diakonale arbeidet (se [www.ka.no](http://www.ka.no)).

Samla er planarbeidet og rapporteringa gode hjelpemiddel som skjerpar tanken, gir rom for fagleg refleksjon og syner kvar det er behov for eventuelle endringar. Ved skriftleggjering kan denne typen verktøy òg vere ei hjelp til å gjere taus kunnskap tilgjengeleg.

### Framtidsperspektiv

Både sentralt og lokalt står kyrkja overfor eit kontinuerleg fornyingsarbeid med stor vekt på å innarbeide planane lokalt.





Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste. Den er evangeliet i handling og blir uttrykt gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kampen for rettferd.

Plan for diakoni i Den norske kyrkja byggjer på denne definisjonen av den diakonale tenesta. Heilskapstenkinga bak denne definisjonen har konsekvensar for vårt kvardagsliv, for gudstenestelivet og for opplæring i kristen tru.

Alle blir utfordra til eit kvardagsliv i teneste. Det gjeld alle aldersgrupper. Diakonien er ei grunntone i alt som skjer i kyrkjelyden, og blir konkretisert i eigne tiltak. Diakonien har eit spesielt ansvar der få eller ingen bryr seg. Det grunnleggjande er gjensidig teneste og vørndnad for kvarandre.

Globaliseringa utfordrar diakonien spesielt. Kulturelt og etnisk mangfald gir kyrkjelyden eit rikare liv. Menneske som lid, vedkjem oss anten dei er nær eller held til i andre land. Vern om skaparverket handlar om eit globalt og eit lokalt ansvar. Alt dette kjem til uttrykk i dei lokale diakoniplanane.

gjennom livet



ISBN-13: 978-82-7545-074-4



9 788275 450744